



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

| | | | | |
|------------------------------------|---|-------------------------------|--|-------------------------|
| Behandlende eining: Region vest | Sakshandsamar/telefon: Kari Elster Moen / 55516115 | Vår referanse: 15/202530-4 | Dykkar referanse: 15/1039 – 15/13761 | Vår dato: 13.01.2016 |
|------------------------------------|---|-------------------------------|--|-------------------------|

Motsegn til første gongs høyring og offentleg ettersyn – Reguleringsplan for Mangerøy industriområde Jotuntomta – Kjebogen – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til dykkar brev dagsett 18. november 2015 med frist for å kome med merknader 1. januar 2016. Kommunen har gjeve Statens vegvesen utsett uttalefrist til 13. januar 2016.

Statens vegvesen har motsegn til reguleringsplanen av omsyn til trafikktryggleiken i området mellom bustadområda ved Manger og friluftsområdet på Trettholmen.

Kva sak gjeld:

Radøy kommune har lagt detaljplan for Mangerøy industriområde, Kjebogen, ut på første gongs høyring og offentleg ettersyn. Vår referanse: fv 410, hp 2, km 1,891. Eigedom: gnr. 45 bnr. 10.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for mekanisk industri med monteringshallar og utskipingskai. Delar av arealet er allereie utbygd for næring med bygningar og kai, men ny bruk vert betydeleg meir omfattande både på land og i sjø. Det er Radøygruppen AS som skal nytte arealet til eiga verksemد.

Statens vegvesen kom med uttale til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram i brev av 31.08.2015. Det har og vore møte med Arkoconsult A/S 28. september 2015, for å klargjere våre merknader.

I vår uttale til varsel om oppstart og høyring av planprogram ba vi om at den vidare planprosessen i større grad måtte skildre omfanget av utbygginga, kor mange arbeidsplassar det genererer og kva konsekvensar ei planlagt utbygging vil ha på mellom anna auka trafikkmengde og type køyretøy som skal nytte fylkesveg 410 Toskavegen, både i drifts- og anleggsfasen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Vi meinte og at plangrensa burde utvidast til å gjelde fylkesveg 410 mot Selfallet og Manger. Dette med bakgrunn i den dårlige standarden fylkesvegen har på denne strekninga, og at vegen manglar tilbod til gåande og syklande.

Til slutt la vi vekt på at det må setjast av nok areal til offentleg veggrunn og vegareal i planen og at Handbok N100 Veg- og gateutforming måtte leggast til grunn for planlegging av trafikkareal.

Vurdering av planframlegget:

Planframlegget har gjennom planskildringa drøfta omfanget av utbygginga og kva konsekvensar det medfører av auka trafikk og trafikktype, både forbi Manger og vidare ut Toskavegen.

I planframlegget er det synt til at hovudanlegget for Radøygruppen framleis skal vere på Vetås og at det meste av arbeidsstokken framleis vil ha hovedbase der. Arbeidsstokken vil veksle mellom Vetås og planområdet og tal tilsette i planområdet vil vere avhengig av kvar ein er i prosessen med produksjonen. Utbygginga vil generere mellom 10 – 50 tilsette. Ved periodar med maksimal bemanning (50 tilsette) vil ÅDT (årsdøgntrafikken) på Toskavegen auke rundt 20 % (frå 1300 til 1550 ÅDT). I framlegget er det vurdert at det blir ei auke i trafikkmengda på rundt 8 % forbi tettstaden Manger (3300 ÅDT i dag).

Tiltaket vil generere ein del tungtrafikk på grunn av levering av varar til produksjon. Dette er anslått til 1 – 5 køyretøy pr. dag.

Det er elles synt til at det ikkje vil vere trong for tilkøyrd massar, med unntak av type graderte massar til mellom anna topplag for fylling i sjø med vidare. Det meste av massar skal handterast innanfor planområdet. Det er lagt til rette for at mobilt steinknuseverk og blandeverk kan etablerast i planområdet i anleggsfasen.

Statens vegvesen sine merknader:

Konsekvensutgreiing

Statens vegvesen meiner det er fleire viktige punkt i planen som gjeld trafikktryggleik og vegutforming som er uavklart. Det kan sjå ut til at tidspress har gjort at ein ikkje har fått eit så godt gjennomarbeidd plangrunnlag som ønskjeleg.

Vi viser til vedtaket i hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk (sak 072/2015) og støttar vilkåret om konsekvensutgreiing av tilhøva til myke trafikantar til badeplass og friluftsområdet på Trettholmen. Fylkesveg 410 frå Manger mot Toska er svært smal og manglar tilbod til gåande og syklande. Det er også viktig å få med trafikkgrunnlaget frå hyttefelt og båthamn i vurderinga, slik det er nemnt i saksutgreiinga. På bakgrunn av dette meiner vi at planen må sendast på ny høyring når vurderingane er lagt inn i planen fordi konklusjonen i konsekvensvurderinga er viktig for den samla vurderinga av planforslaget.

Planområdet

Statens vegvesen vurderer det slik at det er viktig å få på plass gang- og sykkelveg frå bustadområdet på Langhøyane og ut til Kjebogen for å sikre trafikksikker tilkomst til friluftsområdet med bade- og fiskeplassar.

I møte mellom konsulent og Statens vegvesen vart utviding av plangrensa diskutert. Vi sa i vår uttale til oppstart (31.08.2015) at *Planprogrammet må vurdere korleis myke trafikkantar skal kunne ferdast trygt til og frå området, og elles gjere greie for behovet for kollektivtransport. Utgreiingane til planprogrammet må ut frå dette vurdere behovet for endra plangrense som tar med seg areal langs Fv 410 mot Manger.* I møtet med konsulent formidla vi at om at reguleringsplanen ikkje skulle omfatte fylkesvegen fram til reguleringsplan for Langhøyane, måtte planomtalen ha ei god grunngjeving for dette. Vi kan ikkje finne ei god nok grunngjeving for dette. Slik vi ser det er det omsynet til at det hastar med å få planen vedtatt som er det viktigaste argumentet som er framsett.

Plankonsulenten skriv at det vil vere mest naturleg at utvidinga skal gjelde fram til Langhøyane bustadområde, der det er regulert fortau på nordsida av vegen. Det er 280 m fram til dette punktet. Plankonsulenten har vidare vurdert at det hastar å få planen godkjent og at det ikkje er realistisk å få med seg utvidinga i denne omgangen. Det er difor sett forpliktande føresegner til planen som tek for seg ei vegutviding med bygging av fortau ved eit eventuelt byggetrinn 2:

Pkt 1.7.4 «*Det kan ikkje førast opp nye bygg i delfelt BI2 før Fv er opparbeidd med fortau frå planområdet til regulert fortau ved Langhøyane. Betring av vegen utløyer krav om detaljregulering.*

Statens vegvesen meiner det er viktig å få ein godt gjennomarbeidd plan som tar nødvendige omsyn til trafikktryggleiken, og vi rår utbyggjar og kommune til å finne ei anna løysing på utfordringa med tida. Vi rår til at det vert vurdert om det kan vere aktuelt å gje dispensasjon i påvente av reguleringsplan for byggetrinn 1. Det er i så fall også nødvendig å opparbeide krysset i samband med dette.

Vi kan i utgangspunktet godta at krav om bygging av fortau vert knytt til byggetrinn 2. Føresegna om dette må i så fall gjelde for BI3 i tillegg til BI2. Vi meiner likevel at planområdet må utvidast slik at fortau vert regulert fram til reguleringsplan for Langhøyane. Dersom det ikkje vert gjort, er ein avhengig av at det startast ei ny reguleringsplanprosess for fortau, noko som igjen skapar usikkerhet omkring når fortauet kan etablerast.

Statens vegvesen har motsegn knytt til omsynet til trafikktryggleik, særleg for myke trafikkantar. Planområdet må utvidast til også å gjelde fylkesveg 410 med fortau fram til reguleringsplan for Langhøyane.

Vegstandard

Planen regulerer ei strekning av fylkesveg 410 forbi planområdet. Planframlegget må legge til grunn ein standard tilnærma utbettingsstandard U-Hø2, jf. Handbok N100 (fig. D.9) med ei vegbreidde på 6,5 m. I reguleringsplan for Langhøyane er det lagt inn ei vegbreidde jf.

plankartet på 6 meter med 3 meter fortau. Det må vurderast om 6 meter kan vere ei tilfredstillande breidde også for denne planen.

Tilbod til mjuke trafikantar – fortau

Planframlegget drøfter ikkje trase for framtidig fortau. Det er nødvendig å vurdere kva side av vegen fortauet skal ligge på for å ikkje få unødvendige kryssingar av vegen (systemskifte). Gjennom arbeidet med planen må ein finne den beste løysinga for dette. Det er og viktig at det vert sett av nok areal til vegføremål for å ha plass til både utviding av vegen til 6,5 meter breidde og til fortau på eine, eller begge sider. Planen må vise ei framtidsretta løysing og det må og vere samsvar mellom planane i området: reguleringsplan for Langhøyane og KDP for Manger og eventuelt andre planar som vi ikkje kjenner til.

I reguleringsplan for Langhøyane er det lagt inn fortau på nordsida av fylkesvegen. Slik vi forstår det er det 280 meter frå plangrensa for industriområdet til plangrensa for reguleringsplan for Langøyane. Men det er i følgje plankonsulenten til saman 6–700 meter til eksisterande fortau. Det er med andre ord behov for 6–700 meter fortau.

Etter det vi kan sjå varierer vegbreidda mellom 3–6 meter med møteplassar der vegbreidda er større. Med auka trafikk i området som følgje av denne etableringa vil behovet for å sikre tilhøva for mjuke trafikantar bli større.

Byggjegrenser

Det er lagt inn byggjegrenser langs fylkesveg 410 på 15 meter. Statens vegvesen har sagt seg samd i dette, men uttalte og at ein måtte ta høgde for areal til framtidig gang- og sykkelveg. Byggjegrensa i planen vert difor for knapp og må flyttast til 15 meter frå midten av gang- og sykkelveg/fortau. Byggjegrensa for BI3 må ikkje ligge innanfor siktsona til krysset mellom kommunal veg til industriområdet og fylkesvegen.

Statens vegvesen har motsegn til at byggjegrensa blir for knapp fordi det ikkje er tatt nok omsyn til areal som går med til fortau.

Utforming av kryss med meir

Planframlegget syner ny avkørsel til industriområdet.

Med bakgrunn i skissert trafikk inn og ut av området, må avkørsla utformast som eit kryss. Fordi tilkomstvegen er kommunal veg og fylkesvegen er forkjørsveg blir siktkravet slik at det frå 10 meter inn i avkørsla skal vere 54 meter sikt i begge retningar (10x54). Plankartet må endrast til å vise desse siktsonene.

Ettersom avkørsla kryssar fortau må fortauet trekkast tilbake ei billengde, 5 meter, for å sikre trafiksikker kryssing for mjuke trafikkantar.

Før planen blir vedtatt må det utarbeidast tekniske teikningar som viser at krysset og veganlegget kan byggjast slik det er planlagt.

Statens vegvesen har motsegn til utforminga av avkøyrsla frå industriområdet til fylkesveg 410.

Plankart

Statens vegvesen har nokre innspel til punkt i plankartet som bør endrast:

- Avkørsel til eidegn gnr. 45 bnr. 12 skal etter vår vurdering ha 4 meter radius. Litt lenger sør-aust er det regulert som gangtilkomst til same eidegdomen. Dersom det som er regulert som gangtilkomst tidlegare er avkørsel, må denne ha stengesymbol.
- Byggjegrensa på 15 meter må visast frå midten av fortau.
- Siktsona i kryss/avkørsel må rettast i samsvar med motsegn.

Det er elles nokre feil i teiknforklaringa der nokre symbol manglar eller har flyttet seg:

Stengesymbolet er på feil plass, det er feil sybolbruk for stenging av avkørsel og stolper og gjerder er ikkje lagt inn i teiknforklaringa.

Føresegner

Rekkefølgjekravet må reviderast til å ta med BI3 i tillegg til BI2.

Det er i føreseggnene vist til SKV 3, men det er ikkje SKV3 i plankartet.

Føreseggnene må elles rettast opp etter ny gjennomgang.

Oppsummering

Statens vegvesen har motsegn knytt til omsynet til trafikktryggleik, særleg for mjuke trafikantar. Planområdet må utvidast til også å gjelde fylkesveg 410 med fortau fram til reguleringsplan for Langhøyane bustadområde.

Statens vegvesen har motsegn til at byggegrensa blir for knapp fordi det ikkje er tatt nok omsyn til areal som går med til fortau.

Statens vegvesen har motsegn til utforminga av avkøyrsla frå industriområdet til fylkesveg 410. Avkøyrsla må utformast som kryss i samsvar med handbok N100.

Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.